

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Roald Kvingedal	FE-231	22/990

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
111/2022	Formannskapet	PS	14.11.2022

## Gebyr for teknisk forvaltning 2023 - lokalforskrift

### Vedlegg:

<b>Journalposttittel</b>	<b>Dato</b>
Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Masfjorden kommune 2023	31.10.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Gebyr for tekniske forvaltningsteneste ,(gebyrregulativ) for 2023 i Masfjorden kommune vert**

**vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Masfjorden kommune har i dag eit generelt nivå på sine gebyr som ligg i underkant av gjennomsnittet for kommunane i regionen. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

#### Fakta

I forslag til statsbudsjett for 2023 er samlet prisvekst anslått til 3,7 %.

I tråd med praksis legger vi til grunn denne prosentvise økningen for gebyrer/satser til neste år.

Realiteten i høve til sjølvkost er at det er svært utfordrande å oppnå "sjølvkost" innafor byggesak, deling, oppmåling og plansaker. Årsakene til dette er at kommunen har relativt få søknader, og at kommunen samtidig ønskjer å påverke busetjinga positivt. Stigninga på gebyrsatsane vert på 3,7% i forhold til 2022.

### Vurdering

Å oppnå sjølvkost innafor desse tenestene er difor usikker i Masfjorden kommune på grunn av varierende saksmengde i frå år til år. Betalingsatsane bør likevel liggje gjennomsnittleg i høve til kommunane i Nordhordland elles - slik at underdekninga blir minst mogeleg. Eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar - vil truleg ikkje ha merkbare

konsekvensarforbusednad og tilflytting. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting måforskjellane vera store.

Teneste 3020 byggjesaksbehandling og eigarseksjonering, budsjett 2023 legg til grunn 0,7 mill. i gebyrinntekter Det faktiske inntektsnivået er avhengig av tal saker og saksomfang.

Teneste 3030 kart og oppmåling budsjett 2023 legg til grunn 0,45 mill. i gebyrinntekter. Det faktiske inntektsnivået er avhengig av talet på saker.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at gebyra for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **Formannskapet - 111/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Gebyr for tekniske forvaltningsteneste ,(gebyrregulativ) for 2023 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**